

Stadfesting frå Hugljufur Islandshestforening ang rideareal på Molandsmoen

Til Fyresdal kommune,

Dato: 23. januar 2025

Hugljufur Islandshestforening viser til dialogen med Fyresdal kommune om flytting av regulert område for ridehall/stall og eksisterande ridebane med klubblokale frå Molandsmoen industriområde til nytt areal. Foreininga stadfester med dette si aksept for flytting, under følgjande føresetnader:

1. **Nytt areal:** Fyresdal kommune forpliktar seg til å avstå eit nytt, eigna areal til etablering av ridehall, stall og tilhøyrande fasilitetar for Hugljufur Islandshestforening. Plassering og lokalisering av nytt anlegg kjem vi fram til i samarbeid.
2. **Opparbeiding av nytt rideareal:** Kommunen dekkjer alle kostnader for opparbeiding av nytt rideareal på det avståtte arealet. Dagens areal er stort, flombelyst og tilpassa Hugljufur sine behov. For å få tilsvarende fasilitetar skal kommunen opparbeide ovalbane på 300m med ridebane 20x60m inni, samt to treningsbanar 20x40m til undervisning. Ridebanane må ha eit tilfredsstillande dekke og drenering ihht til kravspesifikasjonar og vere flombelyst. Ridebanane skal vere klar til bruk og godkjent av Hugljufur før eksisterande rideareal blir frigjeve.
3. **Andre fasilitetar:** Det er ein føresetnad at nytt klubbhus og andre nødvendige fasilitetar for foreininga også blir etablert og teke i bruk før dagens fasilitetar kan frigjevast.
4. **Tryggleik og tilgjenge:** Det nye området skal sikre trygg tilkomst og vere tilrettelagt for både born og vaksne, med omsyn til tryggleik og behova til brukarane.
5. **Økonomisk forplikting:** Alle kostnader knytt til flytting og etablering av nye fasilitetar, inkludert rideareal, klubbhus og eventuelle andre tiltak, skal dekkjast i sin heilskap av Fyresdal kommune.

Desse føresetnadene må vere oppfylte før Hugljufur Islandshestforening kan overlate bruken av dagens rideareal, klubbhus og tilhøyrande fasilitetar på Molandsmoen industriområde.

Vi ser positivt på løysinga og ser fram til eit godt samarbeid for å sikre trygg og formålstenleg drift for foreininga og brukarane våre.

Med venleg helsing,

For styret i Hugljufur Islandshestforening

Annveig Veum Aas
Leiar av styret